

**Protokoll styremøte i Valdresmusea AS****2023:6**

Stad: Teams

Tidspunkt: Onsdag 22. november kl. 16.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Kristin Gulbrandsen, Odd Arne Klemmetsrud. Fråfall: Arne Erik Fønhus og Brita Brenna. Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

**Sak 7/2023: Økonomisk rapport**

Rekneskapen pr. 31. oktober viser eit driftsresultat på kroner 505 848. Det er ein betydeleg meirkostnad knytt til lønsoppgjer og pensjonskostnadar. Det er tidlegare tatt høgde for auka pensjonskostnadar med uttak av kroner 600 000 frå museets premiefond. På ei anna sida er det god utvikling i inntekter knytt til prosjekt, billettar/arrangement, og sal av varer og tenester frå instrumentverkstaden. Året vil ikkje gje eit stort regnskapsoverskott, men heller ikkje underskott. Sjå vedlagt rapport.

**Vedtak:**

*Styret tek økonomirapporten til vitande.*

**Sak 8/2023: ENØK-tiltaket på Velkomstbygget**

Det er gjennomført intervju med aktuelle leverandørar av solcelle til Velkomstbygget på Fagernes. Det er Takst Innlandet og Green Advisers som har bistått Valdresmusea i denne delen av prosessen. Tilråding om kven som bør gjevast tilbodet blir presentert administrasjonen i veke 48. Det blir gjort greie for den øvrige prosessen i møte. Inga saksdokument.

**Vedtak:**

*Styret tek saka til orientering.*

**Sak 9/2023: Kjøp av aksjar i KulturIT**

Valdresmusea er invitert til å teikne aksjar i it-selskapet KulturIT. Selskapet bidreg med systemutvikling, drift og infrastruktur for 32 av dei konsoliderte musea i Noreg. Det er musea sjølve som eig selskapet. Valdresmusea har kjøpt tenester frå KulturIT sidan 2008.

Det er stor konkurranse om kundane, men berre eitt selskap som tilbyr spesialiserte og tilpassa løysingar for vår sektor. Musea har eit sterkt ynske og behov for å samordne utviklinga i eige sektor, og at denne

utviklinga skal bidra til felles standardar som skal kome så mange museum som råd til gode. Dette heng saman med det overordna politiske målet om å sikre og tilgjengeleggjere kulturarven for innbyggjarane. Skal ein greie dette, er ein nøydd til å samordne utviklinga av dei digitale løysingane. Administrasjonen foreslår at ein teiknar aksjar til ein verdi av kroner 50 000, som er det minste foreslårte innskotsbeløpet.

**Vedtak:**

*Styret vedtek kjøp av aksjar i KulturIT for kroner 50 000.*

**Sak 10/2023: Flaumsikring**

Med bakgrunn i erfaringane med flaumen Hans i august, inviterte Valdresmusea Nord-Aurdal kommune til befaring og samtale om planane for eit flaumvern ved Valdres Folkemuseum. Møtet vart halde 15. november på Valdres Folkemuseum. God dialog med lokal planmyndighet er alltid ein føresetnad for ein trygg og heilskapleg prosess rundt flaumsikring. Det letnar dessutan tilgangen til NVE, nasjonale myndigheter og tilskotsordningar. I møte vart vi einige om følgjande prosess:

- VM avklarar med NVE om tilskotsordninga for prosjektering er relevant for vårt prosjekt
- VM avklarar med GRUIG om eit samarbeid om tiltak og finansiering
- VM ber anten NGI eller Norconsult utarbeide kalkyle for prosjektering og tiltak
- VM opprettar dialog med eigarkommunane om bidrag til regional andel av finansieringa (20 %)
- Søknadsfrist er 1. juli

**Vedtak:**

*Styret tek saka til orientering. Styret ber administrasjonen orientere eigarane om status i saka.*